

STYREMØTE I SOGN OG FJORDANE SAU OG GEIT SKEI HOTELL - 15. JANUAR 2009

Desse møtte: Halvar Espeseth, Tom Idar Kvam, Lars Olav Vanberg, Eli Berge Ness

Sak 01/09 Referat og meldingar

- Møte i prosjektgruppa for framtidretta sauehald. Det vart lagt fram liste over personar som ønskjer å starte med sau eller auke opp buskapane. SFSG hadde gjort ein god innsats i forhold til utarbeiding av denne lista, og fekk skryt for det.

Jon O. Nummedal overtek som leiar av arbeidsgruppa. Ein kom fram til at prosjektleiar skal ha minst 8 gardsbesøk innan april, og prioritere kommunar ho ikkje har vore i.

Sak 02/09 Høyring ”Breheimen nasjonalpark”

Saka om oppretting av Breheimen nasjonalpark er ute på høyring hjå grunneigarar og aktuelle organisasjonar. For Sogn og Fjordane sin del gjeld dette område i Sogn. Styret i SFSG gjekk gjennom utsende sakspapir. Sankelaga i Indre Sogn har folk som arbeider med høyringsuttale som ivaretek småfehaldet.

Vedtak: SFSG har gått gjennom høyringssaka og har ingen merknader. Vi ønskjer å ha kontakt med sankelaga i Indre Sogn for å vere orienterte om evt. merknader derifrå, då det er dei som kjenner området og aktuelle problemstillingar best.

Sak 03/09 Årsmelding

Førsteutkastet til årsmeldinga er no klart. Dei fleste har vore flinke å sende inn stoff i tide. Er det nemnder som ikkje får inn stoffet i tide, skal dei ha ei påminning. Om ein likevel ikkje får inn årsmelding/rapport, går årsmeldinga i trykken likevel. Vi kan ikkje vente så lenge at det er usikkert om vi får årsmeldinga ferdig til årsmøtet.

Vi har ei årsmelding som vitnar om stor aktivitet i fylkeslag, nemnder og utval.

Det er ei utfordring at kostnadane med trykking og utgjeving av årsmeldinga er i ferd med å bli svært høge. SFSG må gjere ei vurdering av kostnadssida her rett etter årsmøtet. Det har

heller ikkje vore justering av prisane på annonser på mange år, så auken i inntekter har ikkje auka i samsvar med auken i kostnader. Arbeidet med årsmeldinga i år er kome så langt at ein gjer ikkje endringar for dette året.

Vedtak: Kostnadane med årsmelding skal reduserast. SFSG skal sjå på kostnader og finansieringsløysingar andre lag har i samband med utgjeving av årsmelding. Ein skal også komande år vurdere om det er eit alternativ å legge årsmeldinga ut på nett i staden for å trykke den.

Sak 04/09 Årsmøte

Årsmøtet 2009 blir i Loen 20. og 21. februar. Etter å ha gjennomført eit kostbart årsmøte i samband med 60-årsmarkeringa til SFSG sist år, blir det i år eit årsmøte utan innleiarar som fører til kostnader for fylkeslaget.

Halvar tek ansvar for kontakt med hotellet Eli sender program og informasjon til laga og andre som skal inviterast. Det har kome spørsmål om kvifor årsmøtet alltid blir lagt til Loen. Vi oppfordrar lokallaga til å kome med tilbakemelding både på kvar årsmøta skal vere, og på om det ville vere betre å ha møte laurdag og søndag, i staden for fredag og laurdag, som no.

Halvar og Leif tek imot påmeldingar.

Vedtak: Årsmøtet blir i Loen 20. og 21. januar. På den opne fagdagen fredag, blir det gruppearbeid med tema MOGELEGHEITER OG UTFORDRINGAR I SMÅFEHALDET DEI NESTE TI ÅRA. Vi ønskjer at Christian Rekkedal skal vere med på denne delen for å oppsummere det gruppene kjem fram til. Om ikkje Rekkedal kan vere med, finn vi ein annan person vi ønskjer å gje oppgåva til.

Sak 05/09 Ymse

- Småfesamlinga på Skei denne helga. Ca. 90 påmelde. Dette gler vi oss til!
- Rovviltplakatar. Plakatane er klar. Eli sender infoskriv til alle sankelaga i fylket med tilbod om å kjøpe plakatane for kr. 125,- pr stk. Tingingsfrist 10. februar. SFSG søker fylkesmannen v/ rovviltforvaltninga om tilskot til arbeid og kostnad med plakatane, til saman 50.000,- jfr oppsett budsjett. Vi satsar på å få sendt ut så mange plakatar som mogeleg med årsmøteutsendingar som møter i Loen. Må ha plakatane, noko å pakke i og giroar på plass der oppe.

Møte slutt.

Ref. EBN